



Ivar Gundersen på eiegenomen som han har kjøpt i Halsabrotet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Dette må kunne kallast indrefiletten i Uskedalen, seier uskedelingen Ivar Gundersen, som no har kjøpt fem mål av eiegenomen til Kjetil og Gunn Kristin Dagestad i Halsabrotet. Seljarane held att rundt halvtanna mål rundt det som tidlegare har vore kalla "Arnesen-huset", der dei skal halda fram å bu.**

Eiegenomen ligg rett ovanfor Trelastlageret og strekk seg nordover mot byggjefeltet.

Økonomen Gundersen driv eit konsultentselskap innan offshore og skip som heiter Hordaland Engineering. Han har også eiegenomsselskapet Acco og eiegenomskjøpet i Uskedalen vil bli handtert gjennom dette selskapet.

- Både seljar og kjøpar er fornøgd med handelen, seier Gundersen til uskedalen.no. Han vil ikkje ut med kva han har gjeve for "indrefiletten", men hensikten med kjøpet er klart nok: Han skal selja tomtene, som ligg på eit nesten flatt område og med flott utsikt mot fjorden.

- Interesserte kan melda seg med ein gong, seier Gundersen. Området er regulert til bustader, men det må lagast ein privat reguleringsplan og det vil den nye grunneigaren ta initiativ til omgåande. Han trur det blir plass til mellom seks og åtte bustader på området og ser ikkje bort frå at det også kan bli nokre tomannsbustader der.

- Kva med marknadsutsiktene for einestader i Uskedalen slik du ser det no?

- Eg registrerer at det går svært treigt i Ospelunden, men vil håpa og tru at det vil gå lettare her.

Av Ola Matti Mathisen